

Spildepollen barnehage

Funksjonsomtale

Sak nr. 19/654



Bilag 1a - Funksjonsomtale

Innhaldsliste

1	BAKGRUNN OG OMFANG	4
2	TOMT.....	4
2.1	GENERELT	4
2.2	OMGIVNADEN.....	4
2.3	VATN, AVLAUP, STRAUM OG FIBER	5
2.4	PARKERINGSPLASSAR	5
3	ESTIMERT ENTREPRISEKOSTNAD	5
4	FRAMDRIFTSPLAN.....	5
5	DIMENSJONERINGSGRUNNLAG	6
5.1	BARN	6
5.2	TILSETTE	6
6	AREALPROGRAM	7
7	FUNKSJONSPROGRAM	8
7.1	GENERELT	8
7.1.1	Bygningsmessig utforming	8
7.1.2	Arealkategoriar	9
7.2	AVDELINGANE.....	9
7.3	ALLROM MED GRUPPEROM.....	10
7.4	HOVUDKJØKKEN	11
7.5	GROVGARDEROBE OG INNGANGSPARTI	12
7.6	FINGARDEROBE	13
7.7	TOALETT OG STELLEROM	14
7.8	LAGER	15
7.8.1	Lager for avdelingane.....	15
7.8.2	Lager for allrom.....	15
7.8.3	Matlager for kjøkken.....	15
7.8.4	Lager for rekvisita	15
7.8.5	Lager for reinhaldsmaskiner	16
7.8.6	Lager for teknisk materiell	16
7.9	REINHALDSSENTRAL	16
7.10	PERSONAL OG ADMINISTRASJON	17
7.10.1	Administrasjon	17
7.10.2	Arbeidsplassar i felleskontor	17
7.10.3	Personalrom.....	17
7.10.4	Møterom.....	18
7.10.5	Kopi og rekvisitalager.....	18
7.10.6	Garderober/toaletter/dusj.....	18
7.11	VOGN- OG LEIKESKUR OG VOGNOPPSTILLINGSPASSAR	18
7.12	BOSSHUS	18
7.13	UTEAREAL	19
8	TEKNISKE KRAV.....	25

Bilag 1a - Funksjonsomtale

8.1.1	Generelt	25
8.1.2	Innvendige overflater.....	25
8.1.3	Klemsikring	25
8.1.4	Solskjerming.....	25
8.1.5	Ventilasjon og varme	26
8.1.6	Elektro og automatisering.....	26
8.1.7	Vatn, avlaup og fiberkabel	28
8.1.8	Pumpestasjon	28

Bilag 1a - Funksjonsomtale

1 Bakgrunn og omfang

I samsvar med vedtak i Kommunestyret 15.11.16, sak K- 119/16 «Rullering barnehageplan 2016 – 2026» skal det byggast ny barnehage i Spildepollen. Telavåg og Glesnes barnehage skal leggast ned og drifta samlokalisert i Spildepollen. Barnehagen vert lokalisert like ved den nye skulen i Spildepollen som vil stå ferdig 15.10.2019 . Skuleprosjektet har lagt til rette for barnehage når det kjem til dimensjonering av parkeringsplass og infrastruktur. Barnehagetomta er planert og teknisk infrastruktur ført fram til tomta. Barnehagen sin arkitektur skal harmonere med den nye skulen like ved.

Fast inventar skal leverast av totalentreprenøren, medan laust inventar skal leverast av byggherre.

Entreprenøren skal stå for komplett løysingsforslag og utføring som totalentreprenør.


2 Tomt

2.1 Generelt

I reguleringsplan for område (arealplan-ID 1245_20170003) er det satt av areal til barnehagen. Tomta er plassert nord for skulen og idrettshallen. Tomten er fint plassert med blant anna utsikt til sjø. For å skape ly for vinden er planeringshøgda på 28 meter over havnivå, mens idrettshallen ligg på 31 meter.

Tomta er planert. Tomta er på om lag 6000 m².

Rekkjefølgjekrav set i reguleringsplan vert oppfylt i det pågåande skuleprosjektet.



2.2 Omgivnaden

Barnehagen vil bli plassert tett inntil infrastruktur som vert etablert i skuleprosjektet. Det vil vere eiga inngang i idrettshallen som barnehagen kan nytte. Turstien som er under bygging vil

Bilag 1a - Funksjonsomtale

starte like ved barnehagen og danne ei rundløype rundt både barnehagen og skulen. Turstien er 1,5 km og vere universelt utforma med lys.

I tillegg til dei fysiske tiltaka på barnehagetomta er det store areal på resten av kommunen sin eigedom som ikkje er opparbeida og som kan bli nytta av barnehagen til leik og undring.

2.3 Vatn, avlaup, straum og fiber

Det er i skuleprosjektet ført fram vatn- og avlaupsrør til barnehagetomten. Frå transformator er det ført fram trekkerør for straum og fiber. Det må etablerast pumpestasjon for avlaup med redundant drift.

2.4 Parkeringsplassar

Det er i skuleprosjektet etablert ein parkeringsplass som tar høgd for bygging av barnehage. Det er dermed ikkje behov for å etablere fleire parkeringsplassar. Totalt vil det vere 70 parkeringsplassar der 4 av desse plassane vil vere reservert for rørselshemma. 10 av parkeringsplassane vert tilrettelagt med ladestasjon for elbilar.

I barnehageprosjektet skal det etablerast 18 sykkelparkeringsplassar under tak.

3 Estimert entreprisekostnad

Estimert entreprisekostnad for prosjektet er på 32 MNOK inkl. mva.

4 Framdriftsplan

Aktivitet	Tid
Konkurransgjennomføring	16.08-01.11
Oppstart bygging	01.01.2020
Ferdig bygg	01.03.2021

5 Dimensjoneringsgrunnlag

5.1 Barn

Barnetal per opptak mars 2019 visar følgjande fordeling av barn til Spildepollen barnehage for august 2019.

Fødselsår	Glesnes	Telavåg	Totalt
2013	0	1	1
2014	8	4	12
2015	6	9	15
2016	10	6	16
2017	6	2	8
2018	8	8	16
SUM	38	30	68

Tal for opptaket viser hovudsakleg barn som i dag bur på Glesnes og i Telavåg, men også nokre frå Pollen krins og andre krinsar i Sund. Hovudmengda av barn frå Pollen krins går i dag i barnehage i Skogsvåg/Sauafjellet. Etter kvart som Spildepollen vert bygd ut med ny skule, idrettsfasilitetar og barnehage, er det nærliggande å anta at fleire barn frå Pollen krins vil ønskje å gå i barnehage i Spildepollen.

Det er store ubebygde bustadfelt i område rundt Spildepollen. Utbyggingstakt knytt til desse felta er usikker. Det er per i dag ein svakt marknad for nye bustader i området.

Barnehagen vert dimensjonert med fleksibilitet til å handtere usikkerheit i barnetalet. Barnehagen vert dimensjonert for 90 barn og delt i 5 avdelingar.

- 2 avdelingar for barn under 3 år, kvar avdeling vert bygd for 15 barn.
- 3 avdelingar for barn over 3 år;
 - o 2 av desse vert bygd for 18 barn
 - o 1 av desse vert bygd for 24 barn.

5.2 Tilsette

Tilsette på kvar avdeling:

- Småbarnsavdeling med 15 barn: 5 vaksne per avdeling (to avdelingar)
- Storavdelingar med 18 barn: 3 vaksne per avdeling (to avdelingar)
- Storavdeling med 24 barn: 4 vaksne (1 avdeling)

30/60 under/over 3 år	
Tal tilsette bemanningsnorm < 3 år	5
Tal tilsette bemanningsnorm > 3 år	6
Tal tilsette ped.norm < 3 år	5

Bilag 1a - Funksjonsomtale

Tal tilsette ped.norm > 3 år	4
Styrar	1
Tal tilsette totalt	21

6 Arealprogram

Arealprogrammet er utarbeidet med i utgangspunkt i Sund Kommune sin vedtekne arealnorm for barnehagar. (barn under 3 år: 4 m², barn over 3 år; 5,5 m²). Arealnorm gjeld totalt for barnehagen. Areal per avdeling kan såleis avvike frå arealnorm.

Det skal leggjast opp til ei organisering med 2 avdelingar for småbarnsgruppe (barn under 3 år) på 15 barn, og 3 avdelingar med storgruppe (barn over 3 år) der 2 av avdelingane er med 18 barn og 1 med 24. Barnehagen vert bygd for 90 barn med følgjande fordeling:

	5 avdelingar	
	Under 3 år	Over 3 år
Barn fordelt på avdeling	30	60
Antall avdelingar	2	3

Arealprogram:

Arealkategori	M ² NTA
Avdelingsareal	440
Avdeling inkl. grupperom	325
Grovgarderobe	60
Fingarderobe	55
Andre areal	222
Allrom med grupperom	84
Hovudkjøkken	30
Toalett og stellerom	46
Lager	46
Reinhald	16
Personal og administrasjon	123
Administrasjon	25
Arbeidsplassar i felleskontor	30
Personalrom/møterom	25
Konferanserom/møterom	15
Kopi/data/rekvisitalager	8
Garderobe/toalett/dusj	20
Nettoareal	785

I tillegg til nettoarealet kjem areal til tekniske rom, datarom jamfør retninglinjer for infrastruktur i kommunale bygg, innvendige gangar, trapper, heisar, føringsvegar og veggar.

Bilag 1a - Funksjonsomtale

Totalareal, bruttoareal, er estimert til om lag 1000 m², men vil variere avhengig av løysingsforslag. Spildepollen barnehage skal ha høg arealeffektivitet med lite reint trafikkareal, stort bruksareal og ein gunstig brutto/netto-faktor. Arealeffektiviteten skal ikkje gå utover det funksjonelle eller leggje store avgrensinga på muligheit for å leggje til rette for gode dagslysforhold og utsikt. Alt av tekniske installasjonar skal plasserast på teknisk rom. Tekniske installasjonar slik som t.d. varmtvatnberedar skal ikkje plasserast på reinhaldsentral. Det skal ikkje vere tekniske installasjonar på tak.

I tillegg til arealprogram kjem bosshus og skur til vogner og uteleikar.

7 Funksjonsprogram

7.1 Generelt

Areal- og funksjonsprogrammet skal gje gode rammer for barna si utvikling. Målet med barnehagen er å gje barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen.

Barnehageanlegget og det fysiske miljøet skal utformast slik at det hjelper dei tilsette med å nå måla i rammeplanen, der barn sin læring og rett til medverknad er spesielt vektlagt, samtidig som dei tilsette sitt arbeidsmiljø ivaretakast i tråd med gjeldande regelverk.

Funksjons- og arealprogrammet reflekterer Sund Kommune sine ønskjer for den kommande barnehagen og skal sjåast på som retningsgjevande.

Funksjons- og arealprogrammet er sortert i følgjande arealkategoriar:

- Avdelingar, inkludert grov- og fingarderobe
- Personal- og administrasjon
- Andre areal
- Uteområde

Spildepollen barnehage skal tilretteleggast slik at det blir ein ressurs for nærmiljøet, slik at uteareal og deler av innearealet kan vere i bruk etter ordinær barnehagetid.

Barnehagen sitt uteområde skal vere opent utanom barnehagens opningstid. Dette gjer ein trygg og tilrettelagt ramme for leik og opphald, primært for småbarnsfamiliar.

Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skuler angjev krav til barnehagar. Desse krava vert lagt til grunn og skal følgjast. Forskrifta sett krav til korleis uteareal og inneareal skal vere for å ivareta barnas sin helse, miljø og sikkerheit. Det er spesielt viktig at alle «skal» krav vert oppfylt.

7.1.1 Bygningsmessig utforming

Barnehagetomten har ein flott plassering i nærleiken til sjø. Utsikt til sjø må ein spesielt legge vekt på ved barnehagen sin plassering og utforming.

Bilag 1a - Funksjonsomtale

Tilbydar står fritt til å utforme barnehagen over ein eller to etasjar. Barnehagen sin arkitektur skal harmonere med den nye skulen like ved. Barnehagen skal ikkje vere utforma av modular, men vere plassbygd. Delvis prefabrikkerte element er tillat.

Ein skal søke å finne løysningar som lagar ein funksjonell og mest mogleg optimal intern kommunikasjon og samanheng i bygget. Ein bør unngå vinklar som taper areal og vanskeleggjer reinhald og møblering.

Der trafikksonene i stor grad er gjennomgangstrafikk vil det ofte også være stor personbelastning, og desse areala bør skiljast frå rom for leik og opphald. Barnehagen skal elles utformast slik at ein kan bevege seg tørrskodd mellom dei ulike funksjonane i bygget.

7.1.2 Arealkategoriar

Avdelingsareal består i hovudsak av barna sitt leike- og opphaldsareal, samt støttefunksjonar som garderober, stellerom og toalett. Leike- og opphaldsareal (LOA) er nemninga som nyttast i beskriving av arealnorm for barnehagar og som baserer seg på kor mange barn som faktisk er til stede i barnehagen samtidig. Departementet har gitt ein rettleiande arealnorm pr. barn. I LOA inngår rom som faktisk står til disposisjon for barna sine aktiviteter, som avdelingsrommet, grupperom/kvilerom og fellesareal som for eksempel allrom. Fingarderobe kan inngå i LOA dersom ulike føresetnader er tilstades, som til dømes at den ligg nært tilknytta til avdelinga.

Grovgarderobe, toalett, stellerom og kjøkken inngår ikkje i LOA. Eit unntak er at dersom kjøkken er tilrettelagt for barn sin deltaking i matlaging kan det inngå i LOA.

Personal og administrasjonsareal er rom og funksjonar som er forbeholdt dei tilsette i barnehagen, og deira behov for sjølvstendig arbeid og samarbeid med andre. Her inngår personalrom, personalgarderober og administrasjonsrom som styrarkontor, kontor for pedagogar, møterom og kopirom.

Anna areal er for eksempel lager og reinhaldsrom.

7.2 Avdelingane

Barnehagen skal ha 5 avdelingar på om lag 65 m² per avdeling med følgjande oppdeling

- Hovudrom om lag 40 m²
- To grupperom på om lag 12,5 m²
- Avdelingane skal ikkje vere gjennomgangsrom.
- Avdelingane skal ha enkel tilgang til toalett og stellerom.
- Det skal vere enkelt å orientere seg frå inngang og garderober til avdelingane.
- Avdelingane skal ligge i tilknytning til allrom
- Lys skal kunne slå av/på og vere dimbart, dette gjeld også grupperom.

Bilag 1a - Funksjonsomtale

- Store vindauge som gjer mykje lys inn, gjerne med karm til å leike i. Kvar avdeling treng vindauge som kan opnast oppe. (Dette avviker frå materialnorm)
- Solskjerming ved behov
- Glassflater mellom areal, t.d. grupperom og hovudrom.
- Ikkje synleg betong på bruksrom
- Lydreduserande dører
- Eit av grupperoma på kvar avdeling skal vere utstyrt med veggbord med plass til 6 barn.



På kvar avdeling skal det vere eit lite avdelingskjøkken i hovudrommet med følgjande funksjonar:

- Overskap og underskap
- Kjøleskap
- Vask
- 1 av stikkontaktene på kjøkkenbenk skal ha tidsstyring

Det skal vere sambruk mellom garderober og stellerom for dei to småbarnsavdelingane og to av storbarnsavdelingane. Det bør vere dør mellom avdelingane då det er naturleg at desse avdelingane samarbeide. Den siste storavdelinga skal ha eigen garderobe og ingen stellerom.

7.3 Allrom med grupperom

Allrom må ligge sentralt og skal utgjere hjerte i bygget med store vindusareal som slepp inn mykje dagslys. Allrom er eit rom for felles aktivitetar og skal vere lett tilgjengeleg frå alle avdelingar.

- Allrom og hovudkjøkken må ligge i direkte tilknytning.

Bilag 1a - Funksjonsomtale

- Barnehagen sitt allrom og kjøkken skal tilretteleggast for utleige og ein må kunne låse av denne delen av barnehagen.
- HCWC skal ligge i tilknytning til allrom
- Ein eventuell heis bør ligge i tilknytning allrommet.
- Lys skal kunne slå av/på og vere vere dimbart, dette gjeld også grupperommet.
- Heilt lystett blendingsgardin på vindauge
- Ribbevegg som kan senkas ned til å bli ein scene
- Direktedør ut til leikeareala

Døme på scene/ribbevegg i allrom:



I direkte tilknytning til allrommet skal det vere eit grupperom som er tilrettelagt for barn med nedsett funksjonsevne.

7.4 Hovudkjøkken

Barnehagen skal ha storkjøkkenutstyr. Maten skal lagast på kjøkkenet og fraktast til kvar avdeling. Det vil også vere mogleg å ete i allrommet. Hovudkjøkkenet skal ligge i direkte tilknytning til allrommet med serveringsluke i glas.

Kjøkkenet skal ha god plass til:

- Inn og utlevering av varer
- Koking/steking
- Tilberedning av kald mat
- Oppvaskzone

Kjøkkenet skal vere utstyrt med følgjande utstyr:

- Kombidamper
- Platetopp 80 cm brei, induksjon
- Hetteoppvaskemaskin, steamer

Bilag 1a - Funksjonsomtale

- Stor vask
- Vask i rein og skitten sone. Berøringsfri i rein sone.
- 1 av stikkontaktene på kjøkkenbenk skal ha tidsstyring
- Oppvasksonen skal utformast i rustfri benkeplate, med skitten og rein sone.

Matlager for kjøkken med kjølerom skal ligge i direkte tilknytning til kjøkken.

7.5 Grovgarderobe og inngangsparti

Det skal vere sambruk av grovgarderobe for dei to småbarnsavdelingane og to av storbarnsavdelingane.

Krav til garderobeinngangar:

- Det skal vere eigen direkteinngang utanfrå til kvar garderobe.
- Inngangspartier skal utformast på ein slik at støv, skitt, søle, vatn og snø ikke kan dragast inn i bygget.
- Sandkasser skal plasserast i god avstand til inngangspartia.
- Det skal vere fast dekke rundt alle inngangsparti.
- Det skal vere utekran og avløp ved kvart inngangspartiet for rengjering av inngangspartiet og sølete regntøy.
- Uteknagga for å henge ytterklær under overbygg.
- Inngangspartiet skal ha overbygg.
- Det skal være utvendig rist foran ytterdør. Rista skal minimum vere døras bredde gonger to. Det må kunne rengjørast under risten.
- Det skal vere sjølvrensande teppe i heile grovgarderoben som absorberer vatn, type «Forbo Flotex» eller «Renholdssoner».

Storleik på dei ulike grovgarderobane:

Stad og plassar	Småbarn – 30 plassar	Mellom avd – 36 plassar	Stor avd – 24 plassar
Grovgarderobe	22,5 kvadratmeter	22,5 kvadratmeter	15 kvadratmeter
Fingarderobe	20 kvadratmeter	20 kvadratmeter	15 kvadratmeter


- Kvart barn skal ha eigen plass for oppbevaring yttertøy og skotøy.
- Skal ha plass for yttertøy for personalet.
- Skal ha direkte adkomst til uteareal og toalett.

I grovgarderoben skal det installerast avfuktar på vegg av typen kondensavfuktar WT250 eller tilsvararande. Drenering til avfukter skal vere skjult i vegg. Avfuktar krev at grovgarderobe


Bilag 1a - Funksjonsomtale

kan bli lukta med dør. Det skal vere straumuttak og avset plass til seinare og sette inn tørkeskap om det vert behov.

Grovgarderobe skal vere utstyrt med knaggsystem med buer og innovervendte kroker tilpassa tal på barn som nyttar garderoben i tillegg til 5 tilsette.



Knaggsystem med buer og innovervendte kroker for grovgarderobe.



Uteknagger under overbygd inngangsparti

7.6 Fingarderobe

Det skal vere sambruk av fingarderobe for dei to småbarnsavdelingane og to av storbarnsavdelingane.

Fingarderobe skal opplevast som ein integrert del av avdelingen. Utforminga må vere slik at ansatte kan ha overblikk over barn på avdelinga og fingarderoben på same tid.

I fingarderoben for barn over tre skal det vere plass til skiftetøy og tørre innkler. I fingarderoben for barn under tre skal det oppbevares yttertøy, mens barna sitt skiftetøy oppbevarast i stellerommene.

Fingarderobe skal vere utstyrt med veggmonterte båsgarderobar som inneheldt plass til:

- Flat område oppe på garderobe for kleskasse
- Liten posthulle
- 2 stk. hyller for luer, hansker og innkler mm.
- Større rom for oppheng av kler

Bilag 1a - Funksjonsomtale

- Sittebenk
- Hylle for innesko



Eksempel påsgarderobe

7.7 Toalett og stellerom

Det skal vere sambruk av stellerom for dei to småbarnsavdelingane og to av storbarnsavdelingane. Toalett skal vere i bås på stelleromma og ha vaskerenne med 4 kraner til barna. Den siste storavdelinga har ikkje stellerom, men eit toalettrom med båsar og vaskerenne med 4 uttak.

Stellerom for småbarnsavdelinga skal ha 2 stellebord med hev/senk funksjon med integrert vask og avløp og benkeplass der ein kan få plass til ein ekstra stellematte. Storbarnsavdelinga skal ha 1 stellebord med hev/senk funksjon. Stellebord skal ha berøringsfritt armatur. Stellebord på stor avdeling skal vere skjerma.

Det skal totalt vere 10 toalett for barna fordelt på dei ulike romma. Det skal vere glassfelt i dør til stellerom.

Rom	Tal på toalett	Kommentar
Felles stellerom for småbarnsavdelingane	1	
Felles stellerom for storbarnsavdelingane	3	1 av disse HCWC
Toalettrom for storbarnsavdelinga	2	
Felles grovgarderobe for småbarnsavdelingane	1	

Bilag 1a - Funksjonsomtale

Felles grovgarderobe for 2 storbarnsavdelingar	1	
Grovgarderobe for storbarnsavdelinga	1	HCWC
Allrom	1	HCWC

Det skal nyttast sanitærutstyr og innreiing med glatte overflater som er enkle å reingjere. Alle toalett skal vere vegghengt og utan spylekant. Sanitærutstyr skal vere montert i barna sin høgde. Det skal vere spegel i vaskerenna si lengde og sprutdeksel bak vaskerenna.

7.8 Lager

Alle lagerrom skal vere merket med lagernamn på planteikning.

7.8.1 Lager for avdelingane

Det skal vere eitt lager per to avdeling. Eige lager for siste storbarnsavdeling.


7.8.2 Lager for allrom

Det skal vere lager for stoler og bord som vert nytta av barnehagen eller til utleige i direkte tilknytning til allrommet.

7.8.3 Matlager for kjøkken

Skal ligge i direkte tilknytning til kjøkken. Skal nyttast til oppbevaring av tørrmat. Deler av lager skal vere kjølebod.

Døme:



7.8.4 Lager for rekvisita

Det skal vere eit lager for tørkepapir, toalettpapir, kjemi og anna rekvisita. Rommet bør ligge nær utgang slik at varelevering vert effektiv.

Bilag 1a - Funksjonsomtale

7.8.5 Lager for reinholdsmaskiner

Lager for reinholdsmaskiner skal vere på om lag 8 kvm.


Lager må minimum ha 6 straumuttak med spreidd plassering

7.8.6 Lager for teknisk materiell

Det skal vere eit lite lager for teknisk materiell for driftsavdelinga like ved teknisk rom.

7.9 Reinhaldssentral

Reinhaldssentralen skal vere om lag 4*4m, 16 m². Rommet vert delt mellom reinhald og barnehagen. Prinsippskisse:



Det skal vere straumuttak til:

- To industrivaskemaskiner, 3 fasa (for reingang)
- To til doseringsapparat til industrivaskemaskinene, 1-fasa
- Ein vanleg hushaldningsvaskemaskin, 1 fasa (for barnehagen)
- Kjøleskap
- 4 ledige stikkontakter.

Utslagsvaskar skal ha god storleik (minimum 420*362mm) og ha tilkoplingsmoglegheiter for spyleslange.

Bilag 1a - Funksjonsomtale



Reinholdsvogner som vert nytta har følgjande mål, 1030*580-630*900mm:



Lager for rekvisita, reinholdsmaskiner og reinholdssentral må ligge i tilknytning til kvarandre.

7.10 Personal og administrasjon

Personalareala skal vere samlokalisert. Om barnehagen vert over 2 etasjer skal personalareala ligge i andre etasje. Tilkomst til personalareala skal ikkje skje via barna sine fellesareal eller avdelingar. Det skal vere eigen inngang for personal.

7.10.1 Administrasjon

- Kontor til styrar med lite møtebord, om lag 15 m²
- Kontor for assisterande styrar, 10 m²
- Det eit ønskje om at styrarkontor ligg slik at det ikkje vert mykje gangtrafikk forbi kontoret.

7.10.2 Arbeidsplassar i felleskontor

- Felles kontor for 6 pedagogar.
- Gode lysforhold.

7.10.3 Personalrom

- Rommet skal nyttast til pause, møte og for enkel matlaging.
- Skal ha kjøkkeninnreiing med minimum 2,4 meter benkeskap og overskap.
 - o Kjøleskap
 - o Mikrobølgeovn
 - o Oppvaskmaskin
 - o Vask 1 ½ kum.
 - o Koketopp induksjon, 2 soner
 - o Ventilator

Bilag 1a - Funksjonsomtale

- 1 av stikkontakt på kjøkkenbenk skal ha tidsstyring

7.10.4 Møterom

- 1 møterom med digital skjerm.

7.10.5 Kopi og rekvisitalager


- Rom for kopimaskin og kontorrekvisita

7.10.6 Garderober/toaletter/dusj

Det skal vere garderobe med dusj og toalett nær personalinngang. Garderobe for damer skal vere større enn garderobe for menn. Det er per i dag ingen menn som arbeider i barnehagen.

Toalett i garderobe skal vere HCWC

Døme på garderobe:



7.11 Vogn- og leikeskur og vognoppstillingsplassar

Det skal lages et vognskur for oppbevaring av barnehagens egne vogner, i tillegg til vognene barna leveres i og/eller skal sove i. Skuret skal vere ha innvendig mål på 50m². Vognskuret bør oppføres med tanke på at vognene ikke skal få fuktskader, og være sikret mot skadedyr. Vognskur skal vere godt belyst. Delar av skuret skal vere satt av til lager for uteleiker, reiskaper mm.

Det skal etableres vognoppstillingsplasser for barn som sover i vogn. Soveplassen skal være skjermet mot vær, vind og støy. Vognoppstillingsplass og vognskur bør vere i tilknytning til småbarnsavdelingane slik at ein kan sjå vognene frå avdelinga. Lett tilkomst til vognene er viktig.

7.12 Bosshus

Det skal byggast eit eiga bosshus tett mot parkeringsplass.

Bosshus fungerer som lager for større avfallsbeholdarar og skal ha:

- Tilkomst utanfrå

Bilag 1a - Funksjonsomtale

- Vatnuttak for spyling
- Lyssetting

7.13 Uteareal

Heile tomten skal opparbeidast til uteareal til barnehagen og vere belyst. Utearealet skal vere for små og store barn skal vere åtskilt med gjerde og port. (Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skuler angjev krav til uteareal i barnehagar. Sidan heile tomten skal opparbeidast til uteareal er det venta at arealkravet vert oppfylt. Dette må bli kontrollert.)

Det skal være areal tilrettelagt for funksjonshemma, herunder leikeapparater og anna utstyr som er tilgjengelig for rørsleshemma og god merking for synshemma. Det bør vere flate parti rundt bygningen.

Tomta er planert. Uteareala må opparbeidast på ein slik måte at det vert attraktiv for barn med god variasjon av leikeapparat, kuperte område og overbygde areal. Topografiske tiltaksom steinblokker, hauger osv vil vere positivt. Tomta må beplantast av ulike sortar tre.

Der det er krav til falldempande underlag skal dette vere av typen plasstøpt gummidekke med ulike fargemønster og stålkant.

Utearealet skal gjerdast inne og ha brei port mot parkeringsarealet, slik at ein kan køyre bil inn på utearealet ved behov. Det skal også settast inn ein eigen port mot nord og laggast ein kort gangveg til gang- og sykkelsti som kjem opp frå Telavåg. Rekkverk og gjerde skal ha tilfredsstillande høgde. På utearealet skal gjerdehøgde være minimum 110 cm.

Sikkerhetsrisikoar utanfor barnehageområdet må vurderast, og gjerdehøgde skal vere minimum 120 cm rundt heile eller deler av barnehagen der ein ser fare for ulukker på grunn av t.d. trafikk, skrentar eller vatn.

Det må etablerast 18 sykkelparkeringsplassar i sykkelstativ under tak.

Følgjande leikplassutstyr og apparat (eller tilsvarande) skal takast med:

Gapahuk/grillhytte



Bilag 1a - Funksjonsomtale

Dissestativ med dekk, ufo og småbarnsseter



Sandkasser

To sandkasser med sittebenker for vaksne, min 4*3 meter.



Båt

Båt med ror, rutsjebane, trapp, mast med flagg og sittebenker.



Bilag 1a - Funksjonsomtale

Karusell



Vippedisse



Hus

Bilag 1a - Funksjonsomtale



Klatrestativ



Sykkelsti

Bilag 1a - Funksjonsomtale



Balanseleiker



Diverse mindre apparat

Bilag 1a - Funksjonsomtale



Aktivitetløype med sklie



8 Tekniske krav

8.1.1 Generelt

Bygget skal oppførast med nøktern god standard. Det skal leggest opp til bruk av moderne teknologiske løysingar for bruk og drift av bygget.

Bygget skal oppførast i samsvar med til ei kvar tid gjeldande regelverk i lover og forskrifter. Norske standardar, NBI byggedetaljer og relevante bransjestandarar skal vere lagt til grunn for prosjektering og utføring. Interkommunal norm for materialval skal følgjast, sjå vedlegg. Retninglinjer for infrastruktur for IKT i kommunale bygg skal følgjast, sjå vedlegg.

Fast inventar skal leverast av totalentreprenøren, medan laust inventar skal leverast av byggherre. Fast inventar kjem fram av denne funksjonsomtala, vedlagt grensesnittoversikt og krav fastset i materialnorm og retninglinjer for IKT.

IKT utstyr som digitale skjermer/tavler inkl. høgtallerer og kopimaskinar vert anskaffa av kommunen sjølv via eksisterande rammeavtalar, men entreprenør skal i tilbodet ta med straum og datapunkt til desse.

8.1.2 Innvendige overflater

Innerveggar skal tåle tøff bruk. Ved bruk av gips skal desse vere forsterka med osb-plater under gipskledning.

Alle innerveggar skal planleggast med spikarslag for opphenging av fast inventar og brukarutstyr. For å gi framtidig fleksibel bruk av romma skal det nyttast osb-plater som spikarslag i avdelingane og grupperom og alle andre rom som kan endre bruk og utrustning i løpet av levetida til bygget.

Det må planleggast for spikarslag for solskjerming, dørlukkarar, dørautomatikk, dørstopparar og anna utstyr knytt til dører og vinduers funksjon.

Det skal planleggast for spikarslag for brukarutstyr. Det er nødvendig at det vert gjennomført brukarprosess, slik at nødvendige opplysningar ligg føre minimum 3 veker før veggen vert lukka.

Alle dører i barnehagen der barn oppheld seg skal vere utstyrt med glasfelt.

8.1.3 Klemsikring

I alle areal der barn ferdast skal det vere klemsikre dører.

8.1.4 Solskjerming

Bygget skal ha utvendige persienner som solskjerming. Solskjerming skal vere automatisk styrt med sol- og vindføler.

Bilag 1a - Funksjonsomtale

8.1.5 Ventilasjon og varme

Bygget skal ha behovstyrt ventilasjon, VAV. Til prosjektering av luftmengder skal det leggst til grunn 7,2 m³/h per m² pluss 26 m³/h per person.

Det skal nyttast vatnboren oppvarming. Varmepumpe luft/vann kombinert med el-kjele. Det skal nyttas golvvarme til oppvarming.

Varmepumpa sin utedel skal vere inngjerda. Varmeanlegg skal ha reinseanlegg.

Ved utvendige trapper i betong skal desse ha elektriske varmekablar. Det skal vere automatisk styring av kablane på utetemperatur. Kablane skal kunne slås av manuelt og via SD-anlegget. I SD-anlegget skal det framkome om varmekablane er i drift.

8.1.6 Elektro og automatisering

Lys og lysstyring

Det skal nyttast innfelte armaturar der det er himling. I tekniske rom, bøttekott og mindre rom kan det nyttast utanpåliggende armaturar. Alle lys skal vere LED.

Det skal i alle rom nyttas tilstedeværelsessensorar som er programmerbar med omsyn til tid. Sensoren må kunne dekke hele arealet om nødvendig så må fleire sensorar bli nytta i same rom.

Avdelingsrom, allrom, grupperom skal ha lysbryter skal kunne dimmes, samt tilstedeværelsessensorer for å slukke lyset etter siste bevegelse.

SD-anlegg skal styre innvendig lys på bygget av/på på kalender.

Uteplass, interne vegar og alle inngangsparti og takoverbygg skal ha lys. Alle lys skal vere LED. Lys skal styrast av lysføler med setpunktstyring fra SD-anlegget og ha kalender i SD-anlegg for av/på tider.

Adgangskontroll og innbrottsalarm

Det skal leverast komplett integrert adgangskontroll- og innbrottsalarmanlegg i samsvar med FGs regelverk i grad 2. Sund Kommune har standardisert PAXTON adgangkontrollsystem. Oppdragsgevar må ta høgde for følgjande:

- Inngang til avdelingar – adgangskontroll med kodepanel og dørpumpe. Det må takast høgde for sikkerheitssensor på dørpumpe slik at ein unngår klemskade på små barn. Kodepanel skal koplant saman med innbrottsalarm. Dører skal leverast med sylindar for eksisterande system (3TT 54504)
- Personalinngang – adgangskontroll med kodepanel og dørpumpe. Kodepanel skal koplant saman med innbrottsalarm. Dører skal leverast med sylindar for eksisterande system (3TT 54504)
- Styrarkontor – adgangskontroll i form av elektronisk styrt dørvridar. Dør skal utstyres med sylindar/vaktmester lås etter Sund kommune sin spesifisering, dette avtalast i detaljprosjektering.

Bilag 1a - Funksjonsomtale

- Pedagogkontor – adgangskontroll i form av elektronisk styrt dørvidar. Dør skal utstyres med sylindervaktmester lås etter Sund kommune sin spesifikasjon, dette avtalast i detaljprosjektering.
- Lager – adgangskontroll i form av elektronisk styrt dørvidar. Dør skal utstyres med sylindervaktmester lås etter Sund kommune sin spesifikasjon, dette avtalast i detaljprosjektering.
- Teknisk rom – adgangskontroll i form av elektronisk styrt dørvidar. Dør skal utstyres med sylindervaktmester lås etter Sund kommune sin spesifikasjon, dette avtalast i detaljprosjektering.
- Toalett – leveres med sylindervaktmester lås etter Sund kommune sin spesifikasjon, dette avtalast i detaljprosjektering.
- Andre innvendige dører – leveres med blending/utan sylindere.

Brannalarm

Det skal leveres et heildekkande, adresserbart brannvarslingssystem. Systemet skal delast opp for sonevis alarmering. Alarmsignal skal overførast direkte til brannvesenet og SD-anlegg

SD-anlegg

Det skal installeres et komplett SD-anlegg for overvåking, styring og regulering av varme, ventilasjon, kjøling og andre tekniske anlegg.

Kommunikasjon mot teknisk utstyr:

- All kommunikasjon skal foregå over open kommunikasjonsprotokoll på IP (Modbus, bacnet. etc)
- All kommunikasjon mellom tavler/underfordelingar skal gå på IP gjennom kommunen sitt intranett.
- Undersentralar til SD-anlegg monterast i elektro tavler, ikkje over himling.
- Det skal opprettast eit teknisk nett på bygget og alle tavler der det er aktuelt med utstyr som skal koblast til SD-anlegg bør utstyres med minimum 2stk ledige RJ45 uttak som er tilkoblet kommunal switch. Dette forenkler tilkobling/integrering av utstyr som ettermonteres på bygget.

EOS-anlegg

Det skal leverast eit system for energiovervåking av hovudkomponentar i tekniske anlegg. Følgande skal som eit minimum kunne målast:

- Inngåande energibærarar/AMS måler
- Tilført og avgitt energi frå varmepumpe
- Ventilasjonsanlegg
- Vassforbruk

Bilag 1a - Funksjonsomtale

Energi- og vannmålarar skal overføre data til SD anlegget.

Utvendig elektro

Det skal leggest opp 4 utvendige doble stikkontakter.

8.1.7 Vatn, avlaup og fiberkabel

Vatn, avlaup og fiberkabel som barnehagen skal bli kobla på er ført fram til tomta.

Det ligg to trekkørør for fiber. Eitt mellom transformator og barnehagetomten, og eitt mellom barnehagetomt og skulen. Det vert lagt opp til eit internt eig samband slik at fiberkabel som skal nyttast vert trekt mellom trekkørør frå skulen til barnehagen. Det skal leverast fiberkabel mellom skule og barnehage på minimum 8 par. Kabelen skal leverast ferdig testa og montert i dataskap i datarommet på skulen og i barnehagen.

Trekkørør mellom transformator og barnhagetomten må førast inn i datarom slik at det kan bli nytta i framtida.

8.1.8 Pumpestasjon

Det skal etablerast ein pumpestasjon med buffertank som er dimensjonert for barnehagen. Pumpestasjon skal overtakast av Sund VA ved ferdigstilling og skal vere utført i samsvar med kravspesifikasjon «Krav til funksjon og utføring av kommunale APS stasjoner» som er vedlagt. Sund VA skal delta i detaljprosjektering av pumpestasjon.

Det vert i kravspesifikasjon vist til VA-miljøblad 76,77 og 78 som ein finn på følgjande side:
<http://www.va-blad.no/utgitte-blader/>

Vidare vert det og vist til VA-norm vedlegg B5 som eg og har lagt ved. Dette finn ein og på følgjande nettside: <http://www.va-norm.no/sund/>